



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Administrasjonsutvalet

**Møtedato:** 20.09.2018

**Møtetid:** Kl. 13:00 - 14:05

**Møtestad:** Kommunehuset

Av 8 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

<b>Medlemmer møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Olaug Karin Øystese	A
Knut Harald Frøland	BL
Oddrun Lemme Sandvin	FF
Hilde Maraas Aarvik	Utdanningsforbundet

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>Parti:</b>	<b>I staden møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Björg Tvedterås	Fagforbundet	Heidi Gjerde	Fagforbundet
Odd Arne Haga	FRP		
Øyvind Strømmen	MDG		
Monica Tjønnå	SP		

### Møtenotater:

Andre som var til stades i møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann
- Anette Følid, leiar løn og personal
- Jan Erik Boge, rådgjevar

<b>Møteleiar:</b>	Knut Harald Frøland
<b>Møtesekretær:</b>	Jan Erik Boge

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 25.07.2019

---

Knut Harald Frøland  
ordførar/utvalsleiar

---

Jan Erik Boge  
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
004/2018	18/1272	Faste saker	
005/2018	18/1210	Arbeidstid og spisepausar for tilsette i Samnanger kommune	

## **SAKNR. 004/2018: Faste saker**

### **20.09.2018 Administrasjonsutvalet:**

Handsaming i møtet:

#### **Godkjenning av innkalling og sakliste:**

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

#### **Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:**

Det var ingen merknader til protokollen frå førre møte.

#### **Orienteringssaker:**

##### Orientering om kommunalt frikjøp av tillitsvalde

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte kort om saka/innhaldet i notatet som låg ved møteinnkallinga.

Heidi Gjerde (Fagforbundet) orienterte om at ho sakna informasjon om medlemstalet i Fagforbundet Samnanger i notatet som låg ved møteinnkallinga. Ho informerte om at det pr i dag er 127 medlemmer (aktive) i Fagforbundet Samnanger. Ho sa også at det ikkje stemmer at LO-forbunda i Samnanger ikkje lenger er saman i ei forhandlingssamanslutning, fordi det berre er eitt av LO-forbunda (Fellesorganisasjonen) som ikkje lenger er med i dette samarbeidet.

##### Informasjon om ny kommunelov

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte kort om innhaldet i notatet som låg ved møteinnkallinga.

##### Kommunal planstrategi

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om at sak om kommunal planstrategi skal opp til politisk handsaming haust. Der skal det mellom anna gå fram kva kommunale planar/vedtekter/reglement som må reviderast, samt ein tidsplan for dette arbeidet. Innanfor administrasjonsutvalet sitt område er det fleire planar/vedtekter/reglement som bør reviderast (personalvedtekter, lønspolitisk plan, seniorpolitisk plan, opplæringsplan).

##### Status for overføring av kommunen si IKT-drift til IKT Nordhordland

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte. Det ser no ut til at kommunen si IKT-drift ikkje vil bli overført til IKT Nordhordland før våren 2019. Bakgrunnen for dette er at sak om å ta opp nye medlemskommunar (Samnanger, Austevoll og Gulen) ikkje vil koma opp i kommunestyra i IKT Nordhordland-kommunane før første møterunde i 2019 (truleg i februar).

##### Lokale lønsforhandlingar 2018

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte. Det skal i 2018 berre gjennomførast lokale lønsforhandlingar for dei tilsette som er løna etter kapittel 3 eller 5 i hovudtariffavtalen. Denne gruppa utgjør om lag 15% av dei tilsette i kommunen. Forhandlingane skal gjennomførast i slutten av september og begynnelsen av oktober.

#### **Utvalet sitt kvarter:**

##### Status for prosjekt i reinhaldstenesta

Olaug Øystese (A) viste til arbeidssituasjonen i reinhaldstenesta som har vorte drøfta på dei siste møta i administrasjonsutvalet, og spurde om kva som er status i dag. Oddrun Lemme Sandvin (Fagforbundet) - som er med i prosjektgruppa i reinhaldstenestene - orienterte om status:

- Arbeidsmiljøet er langt betre no enn tidlegare.
- Reinhaldarane skal gå over til å arbeida meir i team.

- Det blir vurdert å skaffa tenestebil(ar) til reinhaldsavdelinga.

#### Orientering om gjennomgang av kommunen sine tenester

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at kommunen har leigd inn ein ekstern konsulent (Erik Fjornes) som skal gå gjennom drifta (intervjua leiarar/tilsette) i alle einingane og i administrasjonen. Fjornes har gjort tilsvarende gjennomgangar i mange andre kommunar. Han er allereie i gang med intervjua i Samnanger. Rapport frå gjennomgangen hans vil truleg vera klar rundt 15. oktober. Rapporten vil visa forbetningspotensiale/effektiviseringspotensiale/moglegheitsrom Fjornes meiner at kommunen har.

Heidi Gjerde (Fagforbundet) etterlyste førehandsinformasjon til fagforeiningane om gjennomgangen som Erik Fjornes skal gjera. Ho og hovudtillitsvald i Fagforbundet har blitt kontakta av nokre medlemmer som har hatt spørsmål om gjennomgangen, men dei har ikkje hatt noko informasjon å gje til medlemmene. Både Heidi Gjerde og Hilde M. Aarvik (Utdanningsforbundet) peika på at dei meiner dette er ei sak som skulle vore drøfta med dei tillitsvalde på førehand, jf. reglar i Hovudavtalen. Både Heidi Gjerde og Hilde M. Aarvik understreka samstundes at dei meiner gjennomgangen er eit positivt tiltak.

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om bakgrunnen for at dei tillitsvalde ikkje vart informert om eller tekne med i planlegginga av Erik Fjornes sin gjennomgang. Rådmannen orienterte vidare om at dei tillitsvalde vil få presentert rapporten så snart den er klar, samt bli tekne med i arbeidet med oppfølging av rapporten.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **ADM- 004/2018 Vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

## **SAKNR. 005/2018: Arbeidstid og spisepausar for tilsette i Samnanger kommune**

#### **20.09.2018 Administrasjonsutvalet:**

Handsaming i møtet:

Innleiingsvis orienterte rådgjevar Jan Erik Boge kort om saka. Administrasjonsutvalet drøfta så ulike problemstillingar i saka.

Rådmannskontoret vil vurdere om det er nødvendig å henta inn juridisk bistand frå KS for å få endeleg avklaring på om det vil vera mogleg å endra på arbeidstidsordninga som gjeld for tilsette på kommunehuset m/fl. (ordning med gjennomsnittleg arbeidstid på 38,125 timar pr. veke inkl. spisepause).

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**ADM- 005/2018 Vedtak:**

Det skal på neste møte i administrasjonsutvalet leggjast fram oversikt som viser arbeidstid og spisepausar for alle grupper av tilsette i kommunen. Rådmannen må i tillegg leggja fram kva endringar ho meiner bør gjerast i forhold til i dag når det gjeld arbeidstid og spisepausar for tilsette.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det skal på neste møte i administrasjonsutvalet leggjast fram oversikt som viser arbeidstid og spisepausar for alle grupper av tilsette i kommunen. Rådmannen må i tillegg leggja fram kva endringar ho meiner bør gjerast i forhold til i dag når det gjeld arbeidstid og spisepausar for tilsette.